

# Innspel til IDÉBANKEN

## ROGALAND

Her vert oversendt tre eksempel til bruk i den planlagde Idébanken

1. Om å gripe mulegheitene. Satsinga i Tysvær kommune.

Her satsa ein på å oppgradere kommunen sin kapasitet til å arbeide med kvalitative data og å kople arbeidet til aktuelle planprosessar.

Ein retta seg mot heile kommunen – i ein kommune som er rimeleg vidstrakt og delt i mange og ulike bu- og nærmiljø. Det vart og arbeidd inn mot ulike planprosessar. I alt ei vid og mangslungen satsing.

Målet var å prøve ulike metodar og vinne erfaring frå desse.

Desse erfaringane har blitt aktivt brukt for å ta kommunen vidare. Data er brukt inn i planarbeid og meir prinsipielle drøftingar/vurderingar av behov for kompetansebygging er gjort.

Arbeidet har resultert i at ein no har etablert eit kompetanseprosjekt for å kunne gjere betre bruk av kvalitativ informasjon i plan- og utviklingsarbeid

2. UNG ROM – satsing på barn og unge i Randaberg

Randaberg er ein kompakt kommune med korte avstandar både innad og inn i mot Stavanger. Dette har konsekvensar både for busetnad og arbeidsliv.

Randaberg satsa spesifikt inn mot barn og unge, konkret retta mot ungdomsskulenivået. Vidare etablerte ein raskt mål om å satse på involvering i arbeid med kunnskapsinnhenting («temperaturkart») og direkte involvering i utforming av leike-/uteområde.

Ein har utvikla tilpassa metode for involvering, men og røynt at involvering åleine ikkje nødvendigvis gjev ønska resultat.

Også her har ein sett at der er behov for kompetanseauke kva gjeld kvalitative arbeidsmetodar.

3. Nærmiljøtilskot – Storhaug bydel i Stavanger

Stavanger har – og har i fleire år hatt – ei satsing på områdesatsing og levekårsloft i enkelte bydelar. Dette er ei større satsing som har involvert mange og store aktørar frå det offentlege, i tillegg til lokale og frivillige aktørar. Ein har i utg.pkt. hatt tilgang på større ressursar enn dei andre kommunane. Vi har difor valt nærmiljøtilskotet som tema, fordi dette truleg kan ha stor og ganske direkte overføringsverdi også til andre kommunar. Vi har og sett – i andre prosjekt – at slike ordningar har vore viktige.

Tilskotet er avgrensa til Storhaug bydel, ein har delt ut ca. 2 millionar kroner mellom 2015 og 2018 og dei fleste tilskota har vore små (mellom 10.000 og 30.000).

Tilskota vert likevel opplevd som viktige. Der er enkel søknadsprosedyre og få krav for å kunne få støtte. Dette har gjort det muleg å støtte opp ulike mindre aktivitetar og kan seiast å ha utløyst stor lokal aktivitet.

Dette er nettopp poenget med slike ordningar. Dei skal sikre at lokale initiativ skal kunne realiserast, men dei skal og vere så små at dei ikkje krev særleg formell struktur, korkje administrativt eller i praktisk gjennomføring.

## Å gripe mulegheitene – Mobilisering i Tysvær

*Mange kommunar har ein relativt spreidd busetnad, og ei desentralisert lokalisering av servicetilbod som barnehagar og skular, fritidstilbod m.v. Dette gjer at kommunen står overfor mange – og ulike – lokale miljø, der utfordringar og mulegheiter kan variere sterkt.*

*Dette vert utfordrande når ein treng skaffe informasjon inn til arbeidet med nærmiljø og folkehelse, men også meir generelt til det kommunale planarbeidet. Særleg vert det utfordrande når der også er mål om å få aktiv medverknad frå innbyggjarane. Og utfordringane går både på det å få innbyggjarane i tale, å innhente tenleg informasjon, å etablere samarbeidsarenaer som kan vere meir varige og å styrke lokal evne til å medverke og ta ansvar.*

*I dette eksempelet viser vi korleis ei slik satsing kan etablerast, her knytt til dei ordinære kommunale planprosessane. Det spesielle var at kommunen ville bruke høvet til å prøve ut ulike medverknadsmetodar.*

### **Lokalisering**

Tysvær kommune, nordvest i Rogaland. Ein typisk Vestlandskommune med fjordar og sund, vel 11000 innbyggjarar og eit næringsliv dominert av Kårstøanlegget. Kommunen er nabo til Haugesund i vest.

### **Bydel/grendelag/skulekrins**

I dette høvet hadde ein heile kommunen som fokusområde, med mål om å arbeide aktivt inn i dei ulike grendene.

### **Bakgrunn**

Ein hadde fokus på at planlegging og folkehelsearbeid skulle kunne møtast gjennom felles mål om styrka medverknad i kommunens plan- og utviklingsprosessar. Styrka medverknad handlar om at kommunen får meir og betre kunnskap om kva innbyggjarane opplever som viktig for at det skal være godt å leve i kommunen, og kva som gir helse, trivsel og livskvalitet for den enkelte. Men også om å aktivisere innbyggjarar til å engasjere seg og vise interesse for sitt eige lokale miljø.

Erfaringane skulle gå inn i grunnlaget for korleis kommunen kan organisere og gjennomføre lokale plan- og utviklingsprosessar, både på kort og lang sikt.

### **Problemstilling**

Utforske kva som fremmar helse, trivsel og livskvalitet i kommunen gjennom bruk av ulike metodar og verktøy. Kunnskapen skal styrke lokale plan- og utviklingsprosessar, med mål om gode nærmiljø og lokalsamfunn.

### **Mål og målgrupper**

*Effektmål:* - Styrka medverknad og innbyggjarinvolvering hos innbyggjarane i kommunen, knytt til aktuelle plan- og utviklingsprosessar - Betra kunnskapsgrunnlag for gjennomføring

plan- og utviklingsprosesser, knytt til auka kunnskap om nærmiljøkvalitetar/friskfaktorar i kommunen.

*Resultatmål:*- Ha prøvd ulike medverknadsmetodar og etablert erfaring med disse - Utarbeidd metodehefte/nettside og rutinar for medverknad i plan- og utviklingsprosessar i kommunen – Samle og systematisere ny kunnskap frå kvalitative undersøkingar om nærmiljøkvalitetar/friskfaktorar i kommunen (innspel til Folkehelseoversikta).

Målgruppa var alle innbyggjarane i kommunen, men ein var særlig fokusert på barn/unge, eldre og innbyggjarar med fleirkulturell bakgrunn (de tradisjonelt “stille” stemmene).

## **Kven var samarbeidsparter**

Bredt samarbeid internt i kommunen; plan, teknisk, kultur, idrett, skular etc. Ein samarbeidde aktivt med lokale lag og organisasjonar (idrettslag, eldreforeningar etc.), nærbutikkar, bygdeblad m.v., samt UH-miljø.

## **Kva er oppnådd med prosjektet**

Ulike medverknadsmetodar vart prøvde ut ifm. arbeidet med “Områdereguleringsplan for Akسدal”, “Kommunedelplan for fysisk aktivitet og idrett” og “Kommunedelplan for trafiksikkerhet”.

- arenabaserte metodar som workshop, dialogkafé, verkstad, fokusgruppe og idédugnad;
- digitale medverknadsmetodar som MyCity, Barnetråkk og Trafikkagenten;
- ulike formelle og uformelle møte i bygder/tettstadar: på nærbutikken, direkte hos målgrupper (Opplæringsssenteret, dagsenter for psykisk helse, pensjonistforeningar o.l.), stand på Tysværdagen

## **Måloppnåing og resultat**

- Ny og oppdatert kunnskap om lokale “friskfaktorar” og korleis folk har det.
- Erfaring med ulike metodar/verktøy for innbyggjarinvolvering: - kva synes å fungere bra/ikkje så bra, kva passer til ulike formål mm.
- Styrka arbeidet med planprosessar gjennom sterkare involvering av ulike grupper underveis.
- Bidrag til eigenkraftsmobilisering / empowerment i befolkninga.
- Byrja få erfaring med å implementere kvalitativ kunnskap i den lokale folkehelseoversikta.

## **Utfordringar på vegen**

Der var fleire utfordringar å møte undervegs. Reint praktisk vart det eit krevjande arbeid å gjennomføre, med mange møtestadar/treffpunkt og mange aktørar frå det offentlege som skulle delta.

Dei viktigaste var at ein ikkje på førehand hadde god nok forståing av kva ein ville oppnå – ut over det å prøve ut ulike metodar i aktuelle kommunale planprosessar. Dette gjorde at ein undervegs både fekk informasjon ein ikkje hadde venta å få og at ein ikkje heilt visste korleis informasjonen ein fekk skulle behandlast

Siste utfordringa er særleg knytt til at kommunen har mykje kunnskap om å behandle kvantitativ informasjon, men at ein i planprosessane er langt mindre røynt i det å etablere, behandle og bruke kvalitativ informasjon.

## **Kva kunne vore gjort annleis?**

Ideelt sett kunne ein ha brukt meir tid på førehand, bl.a. til å etablere betre kompetanse på kvalitativ metode metodikk, og i større grad reflektert over kva ein kunne vente få ut av auka involvering.

På den andre sida kan det hende at det at kommunen kasta seg rett ut i arbeidet gjorde mulegheitene for læring større. At ein kan sjå dette som eit kommunalt læringsarbeid som først og fremst skal gje nytte vidare framover.

## **Fokusere på framover**

Kommunen har teke tak i desse erfaringane, og har etablert eit kompetanseprosjekt for å vere betre rusta til å bruke kvalitative metodar og integrere slik kunnskap i planarbeidet. Dette i samarbeid med lokalt UH-miljø

## **Produkt**

Årlige rapporter utarbeidet til polisk styringsgruppe. Kunnskapen vert implementert i lokal folkehelseoversikt. Innspel brukt i ulike planprosesser/høringsnotater.

Kontaktinformasjon:

Ann-Kristin Berge Dahle, [ann-kristin.berge@tysver.kommune.no](mailto:ann-kristin.berge@tysver.kommune.no), Tysvær kommune

## **UNG ROM – Rom for unge til å delta**

*Det å få ulike grupper i tale – og kanskje særleg å få dei til å delta aktivt både i idégenerering og praktisk utforming – er oftast utfordrande. Det er ressurskrevjande, krev vilje og lyst hos alle partar og ikkje minst evne til å treffe målgruppa/-ene.*

*Her fekk vi dette eksemplifisert: I utgangspunktet skulle det å involvere gjennom å lyse ut ein konkurranse der unge illustrerte opplevde utfordringar gjennom fotografi å skulle kunne vere attraktivt. Men berre eit fåtal let seg involvere. Ein gjekk då attende til start og leitte etter andre tilnæringsmåtar. Enda opp med å bruke skulen (ungdomstrinnet) – noko som viste seg vere langt meir treffsikkert.*

### **Lokalisering**

Randaberg kommune ligg i Rogaland. Ein liten Vestlandskommune (i areal) som er flat og vel eigna for landbruk. Korte avstandar – både innan kommunen og inn mot næraste by (Stavanger), ca. 11000 innbyggjarar og eit næringsliv dominert av oljebransjen.

### **Bydel/grendelag/skulekrins**

Dette er ein kommune på berre vel 24 km<sup>2</sup>, så når kommunen valde barn og unge som satsingsområde betyr dette at heile kommunen var inkludert.

### **Bakgrunn**

Prosjektet var ein del av det pågåande kommuneplanarbeidet. Kommunen hadde behov for kunnskap om korleis ein kunne leggje til rette for gode nærmiljø for unge og ein ønskte å opne for aktiv deltaking frå dei unge i dette arbeidet.

Med bakgrunn i folkehelseoversikten, Ungdata og Sjumilssteget visste kommunen ein del om ungdommar sine utfordringar og kva unge generelt ønskte for og i sine nærmiljø.

Dette ville kommunen utdjupe i prosjektet.

### **Mål og målgruppe:**

Kartlegge kvalitetar i de unges nærmiljø, i augehøgde med de unge. Prosjektet ønskte å leggje til rette for brei medverknad frå ungdom. Målgruppa var ungdom 14 - 16 år.

- Kartlegge og identifisere styrker og svakheiter i nærmiljøet som har betydning for de unges folkehelse.
- Utvikle ulike metodar for å engasjere og involvere unge i kommunale planprosessar.
- Gje unge innbyggjarar ei stemme i dei kommunale prosessane og skape kultur for at dei i framtida naturleg tar del i design og planlegging av eigne nærmiljø.

### **Eksterne og interne samarbeidspartar:**

Dei interne kommunale samarbeidspartnarane har vore fagpersonar og leiarar frå alle tenesteområda i kommunen, i tillegg til ordfører og andre politikarar.

Eksterne samarbeidspartnarar har vore frivillige organisasjonar, næringslivsaktørar,

vidaregåande skole og fagkonsulentar som t.d. grafikarar, arkitektar, fotografar og designarar.

Prosjektet har gjennom heile prosjektperioden knytt til seg ein privat aktør som prosessleder: Svangtun Kulturarkitekter.

Ungrom var organisert med ei intern tverrfaglig arbeidsgruppe på seks personer som representerte fire tenesteområde: Barn og unge, Helse og velferd, Kultur og Plan og miljø. I tillegg ei styringsgruppe med rådmann som leiar og fire kommunalsjefar frå dei nemnde tenesteområda. Folkehelsekoordinator og Svangtun Kulturarkitekter var prosjektleiarar. Den viktigaste ressursen i prosjektet har vore Ressursgruppa. Denne har bestått av seks elevar frå ungdomstrinnet ved alle dei tre skulane, valt av elevråda. Gruppa fungerte ut våren 2018. Siden har prosjektet brukt Barne- og ungdommens kommunestyre (BUK) som referanse og medspiller.

## **Kva er oppnådd med prosjektet**

I prosjektet har ein prøvd ut ulike metodar for medverknad: Idéverkstad, fotokonkurranse, moodboard, spørjeundersøkingar, prototyping og workshops. Ressursgruppa har, saman med prosessleiar, utvikla ein metode for brei medverknad frå flest muleg ungdomar, kalla ABC..W metoden.

### **Tiltak:**

Ungdom har delteke i planlegging, gjennomføring og evaluering av prosjektet. Alle ungdomsskoleelevane deltok i ei kartlegging av eksisterande møteplassar, først individuelt, deretter i grupper og til sist i ein workshop. I prosessen kartla dei den lokale geografien og kva dei opplevde som kvalitetar ved dei enkelte møtestadane. Vidare ein workshop for utforming av eit konkret planforslag for ny lekeplass/uterom i sentrum, der dei kartlagde kvalitetane vart brukte som referansepunkt. Dei unge, saman med kommunetilsette og politikarar med ordfører i spissen, har også gjennomført ein workshop som handla om kvalitetar langs vegen til og mellom desse møtestadane.

## **Måloppnåing og resultat**

Prosjektet har kartlagt de unge sine møtestadar og deira kvalitetar. Funna er nedfelt i eit digitalt temperaturkart, og data går inn som grunnlag for planbestemmelsar i den nye kommuneplanen. Erfaringane knytte til involveringsmetodar har blitt viktige bidrag inn i kommuneplanen. Denne har tre satsingsområde som alle handlar om folkehelse:

- Fremme levande nærmiljø,
- Fremme trivsel og god psykisk helse og
- Fremme smarte og nyttige løysingar

Det siste området har samskaping og innbyggjarinvolvering som strategi.

Ungromprosjektet med sine funn og erfaringar har relevans til alle tre satsingsområda.

## **Vidareføring av arbeidet**

Datafangsten vert brukt både internt og eksternt som grunnlag for handlingsplanar (i «En god plan» for barn og unge, og i Trafikksikkerheitsplanen), og ut mot utbyggjarar (krav til reguleringsplaner). Funna knytte til mobilitet og til kvalitetar langs vegen blir brukt direkte

inn i arbeidet med kommunens klima- og energiplan. Alle kvalitetsfunna blir lagt inn som kunnskap i folkehelseprofilen for kommunen. Data vert og brukt i kommunens handlingsplan knytt til Bymiljøpakke Nord-Jæren.

### **Kva kunne vore gjort annleis?**

Dette prosjektet har i sterk grad hatt karakter av å vere utprøvande. Ein har satsa på å utvikle tenleg metode til eige bruk, og har difor vore nøydd til å gjere erfaringar undervegs. Dette betyr at ein ikkje alltid kan vite kva som ville vere beste handlingsval før ein ser kva som kjem ut av prosessen. Her såg vi dette eksemplifisert ved første val av involveringsmetode (fotokonkurranse). Men der var liten grunn til å tru at ein på førehand skulle kunne vite at dette ikkje slo an. I staden vart dette ein lærande prosess i prosjektarbeidet. Ein erfarte at noko ikkje fungerte, vurderte situasjonen og valde alternativ framgangsmåte. Slik kan ein heller seie at ein, gjennom å velje feil fekk eit ekstra høve til positiv læring.

Vidare såg ein at det vart vanskeleg å få vedtatt/gjennomført den utarbeidde planen for leikeområde/uterom. Generelt veit vi at slike tilbakeslag ofte har negativ innverknad på vilje til vidare engasjement. I slike situasjonar, der ein er del av planlegging utan å ha makt over kva som vert vedtatt, bør ein vere mest muleg open på nettopp dette – og kanskje også ha eigne strategiar for alternative løysingsmulegheiter – t.d. om slike tiltak kan flyttast frå offentleg budsjett til private/frivillige aktørar

### **Fokusere på framover**

Kommunen har erfart at kunnskap og kompetanse om bruk av kvalitative data må styrkast i kommuneorganisasjonen.

### **Produkt:**

- Veileder om ABC...W metoden, i papirformat og digitalt
- Forslag til nytt uterom i sentrum fra workshop, «Make Sentrum Great Again»
- Interaktiv rapport fra mobilitets kartlegging og workshop «Langs veien»
- En intern spørreundersøkelse om medvirkning i kommunale prosesser
- Digitalt planleggingsverktøy i Google Maps  
<https://www.randaberg.kommune.no/innhold/teknisk-og-eiendom/ungrom/>
- Psykologiske perspektiver knyttet til det å engasjere ungdom.
- De unges perspektiver knyttet til deltagelse
- Forskerens perspektiv knyttet til medvirkning
- 5 presseoppslag i Bygdebladet
- Fire videoer, søk «Ungrom» på  
[https://www.youtube.com/results?search\\_query=ungrom](https://www.youtube.com/results?search_query=ungrom)
  - 1 video der Ressursgruppen snakker om Ungrom
  - 2 videoer fra workshopen «Make Sentrum great again»
  - 1 video fra workshopen «Langs veien»

### **Kontaktinformasjon**

Anne Grødem, [anne.grodem@randaberg.kommune.no](mailto:anne.grodem@randaberg.kommune.no)

## **Nærmiljøtilskot – Storhaug bydel**

*Involvering er ofte tett kopla til aktivitet – og då særleg eigen aktivitet. Å ha høve til å engasjere seg i konkrete tiltak som vert opplevd som (lokalt) viktige kan ha stor betydning, både for det lokale miljøet og for den enkelte. Aktivitet er med på å gje meistring og styrke eigenkraft. Men – aktivitetar har og ei anna side: det økonomiske. Dei krev innsats i form av tid og ulike ressursar. Tid er ein variabel den enkelte ofte kan rå med (frivillig/ubetalt innsats), men å få tilgang til naudsynte ressursar krev ofte eit budsjett. Difor har ein i utviklingsprosjekt sett at det har blitt opna for å søke om mindre beløp i støtte – nettopp for å kunne gjere det muleg å engasjere seg. Det dreiar seg vanlegvis om små midlar – frå nokre tusen kroner – og med enkle prosedyrar for søking og tildeling. Også i norsk samanheng har ein sett at dette har hatt positiv verknad på engasjement og aktivitetsnivå i nærmiljøprosjekt.*

### **Lokalisering**

Stavanger kommune. Stavanger er største kommunen i Rogaland med nærare 135000 innbyggjarar. Stavanger er hovudsete for oljenæringa i Noreg. Sjølve bykommunen er relativt liten i utstrekning – ca. 70 km<sup>2</sup>

### **Bydel/grendelag/skulekrins**

Kommunen er delt i sju bydelar. Dette tiltaket er lokalisert til ein av desse – Storhaug bydel. Denne ligg i sentrum av Stavanger, mot sjøen i nord.

### **Bakgrunn**

Levekårsløftet starta opp i 2015 med mål om å styrke bumiljøet og via dette, betre levekåra. Arbeidet med levekårsløftet på nordaustre del av Storhaug tar utgangspunkt i Husbankens metodikk for områdeløft. Gjennom områdesatsinga skal kommunen, i samarbeid med lokale ressursar, bidra til fysiske, sosiale og miljømessige forbedringer over tid. I 2017 inngjekk stat og kommune ein intensjonsavtale om områdesatsing i bydelen i årene 2018 – 2024.

Ein raud tråd har vore mobilisering av lokale ressursar for å betre bu- og nærmiljø. Nærmiljøtilskotsordninga vart initiert for å bidra til å skape betre bu- og oppvekstmiljø for innbyggjarane i Storhaug bydel. I den forbindelse ønskte kommunen å støtte tiltak som bidrog til attraktive, opne og inkluderande møteplasser, auka aktivitet, ny giv og lokalt engasjement.

I perioden 2015 -18 har Stavanger kommune løyvt 2 millionar kroner i nærmiljøtilskot til Storhaug bydel.

### **Mål og målgrupper**

Tilskota har vore retta mot ulike lokale aktørar som ønsker å gjennomføre sosiale, miljømessige eller fysiske tiltak som støttar opp om satsinga for eit levekårsløft i bydelen. Føremålet med tilskotsordninga har vore å bidra til:

- Attraktive, opne og inkluderande møteplassar for sosiale, kulturelle og fysiske aktivitetar.



- Auka aktivitet og ny giv blant bebuar- og velforeningar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og andre aktørar.
- Lokalt engasjement og lokal dugnadsinnsats.

Utlysningsteksten for ordninga peikar på at tiltak som kan bidra til å utjamne sosial ulikskap, særlig blant barn og unge, vil bli prioritert.

## **Kven var samarbeidsparter**

Når det gjeld områdesatsinga har Léva Urban design har vore ekstern samarbeidspartner. Internt har vi samarbeidd med Helse og velferd v/ Rehabiliteringskontoret, Ungdom og fritid v/ Frivilligsentralen og Park og vei .

Nærmiljøtilskotsordninga har vore ein del av arbeidet med levekårsløft/områdesatsing, og vart administrert gjennom den lokale bydelsgruppa (enkelte politikarar frå Bydelsutvalget i tillegg til representantar for ungdom, innvandrarar, frivilligheit, næring og kultur.) Opphavleg var dette ansvaret delt mellom prosjektleiinga og bydelsgruppa, men etter kvart trakk prosjektleiinga seg ut av tildelingsprosessen.

## **Kva er oppnådd med prosjektet**

Det er delt ut 82 beløp mellom 2 500 og 200 000 kroner. Dei aller fleste 30 000 eller lågare. Berre 15 søknader har mottatt meir enn 30 000, 4 av desse over 50 000.

Dei største tilskota har vore retta mot oppgradering av uteareal, t.d. utbetring og etablering av lekeplasser, parker og grøntområde. Prosjekt med lågare budsjett er gjerne knytte til mindre, enkeltståande tiltak, som juleforestillingar, nabolagsfestar, kurs og andre sosiale- og kulturelle arrangement, som gjerne har hatt behov for å dekke mindre utgifter knytte til leie av utstyr, honorar, aktivitetsmateriell, mat og drikke, samt administrering.

## **Måloppnåing og resultat**

Nærmiljøtilskotet har bidratt til å etablere fleire aktivitetar og møtestadar, nye sosiale relasjonar, meir samhald, auka engasjement og dugnadsinnsats. Det er ei tydeleg oppfatning at dei fleste evaluerte tiltaka har bidratt mykje sett i forhold til kostnaden. Stort engasjement og dugnadsinnsats har vore nøkkelen til dette, og viser gjentekne gonger at effekten kan opplevast som betydelig sjølv om tiltaket har vore rimeleg å gjennomføre. Ei viktig årsak til dette er at støtten, og dugnadsinnsatsen som krevjast, i seg sjølv bidrar til å skape nye relasjonar og samhald i bebuarforeningar, sameige eller andre grupper med initiativtakarar. Summen av tiltaka kan derfor seiast å treffe formålet med støtteordninga godt. (Helge Lea Tvedt, Evaluering av nærmiljøtilskot for Storhaug bydel. NORCE 2019)

## **Utfordringar på vegen**

Det er ikkje blitt rapportert særlege utfordringar knytt til denne ordninga. At prosjektleiinga for områdesatsinga i si tid trakk seg frå søknadsbehandlinga såg ikkje ut til å påverke arbeidet med ordninga, bydelsgruppa tok ansvaret og har gjennomført utan vanskar.

## **Kva kunne vore gjort annleis?**

Der er ikkje kome fram særleg informasjon om at noko burde vore gjort annleis

## **Fokusere på framover**

Evalueringsrapporten peikar på at dette bør vurderast ved ei vidareføring av ordninga:

- Det bør jobbast meir med å gjere betre synleg både sjølvstøtteordninga, og dei fysiske- og sosiale tiltaka den har bidratt til å realisere.
- Fleire fysiske tiltak bør i større grad inngå i ei heilskapsvurdering av det fysiske miljøet.
- Det bør jobbast meir med å oppnå ei jamnare fordeling av nærmiljøtilskot i bydelen.
- Levekårsonene Badedammen og Bergeland bør prioriterast.
- Det bør jobbast med å auke søknadsaktiviteten blant grupper i bydelen som i liten grad tek del i områdesatsinga.

## **Produkt**

Brosjyre: «Levekårsløft på Storhaug»

Statusrapport: «Levekårsløft Storhaug», september 2017.

Nyhetsbrev, Storhaug bydelsutvalg

Facebooksiden Områdesatsingen på Storhaug

Stavanger kommunes heimeside; Områdesatsing på Storhaug

Evaluering av bydelsgruppe og bruk av nærmiljøtilskot (våren 2019)

**Kontaktinformasjon:** Hanne Navdal Vatnaland. Stavanger kommune.

hanne.navdal.vatnaland@stavanger.kommune.no